

Årsmelding for Vats Bygdekvennelag 2025

24. Oktober. Årsmøte på Vats skule

Årsmøte ble holdt på kjøkkenet på Vats Skule det blei servert "kveldsmat" med heimelaga brød og masse godt pålegg.

Etterpå blei det gjennomgang av årsmelding, rekneskap, tok opp litt diverse lagsaker og forslag til neste års plan. Til slutt presenterte valgnemda det nye styret. Til kaffien blei det servert sjokolade og avslutta med utlodding.

21. November, Gratis skulelunsj + strikkekveld

Me lagde skulelunsj for elevar og tilsette, i år blei det grove lapper med gulerøtter og havregryn oppi. Masse flinke damer som stilte opp med takker for å steike opp lapper, men det var ikkje nok til at det blei rester til kveldsmøtet som me hadde planlagt.

Så Trine steikte opp enda meir til strikkekvelden seinare på kvelden på kjøkkenet. På kvelden blei det julestemning med pepperkaker, gløgg, dikt, leikar og så klart nysteike lappar.

13. Desember, Luica på sjukeheimen

Me var en kjempe fin gjeng med store og små luciaer som gjekk på rundt og song på sjukeheimen.

Det blei ei liten samling etterpå i kantina på sjukeheimen der alle tok med litt å bita i, både julekaker, gløgg og snop til de aller minste

22. Januar, Restefest og strikkekveld

Me hadde strikkekveld på Tørrsdalen bedehus der alle tok med julekakerestene sine, så hjalp me kvarandre å ete dei opp. Karin hadde fyrt siden dagen før, så det var koselig og varmt sjøl om det var minusgrader ute.

23 Februar. Lammekurs på Vats skule

Vats bygdekvennelag ilag med Vats bondelag var med å sponse et kurs slik at ungane i 6. klasse skulle lære å partere et lam. Det var Stian Espedal som holdt kurset.

27. Mars, Filmvising på Nesheimstunet "Minner fra melkespannas tid"

Astrid Topdal hadde lagt en film om transporten av melkespann før i tida på Jæren. Det kom masse folk denna kvelden ,det kom 70 stk +

(17 mai: me bakte kaker til salget)

24 mai: Me sko egentlig på dyrsken på sjukeheimen i år å steike lapper, men den blei avlyst pga været.

20. Juni, Sommaravslutting(cowboyfest) på Svantesvoll

Halvåret blei avslutta i låven på Svantesvoll, kleskoden var dongeri og “cowboy” tilbehør.

Det blei servert velkomstdrink, rømmegrøt og jordbær til dessert. Til underholding blei det både uteleikar og inneleikar med litt trekkspel og song innimellom.

20 August, Bryggedans på Sjukeheimen

Bygdekjennene stilte opp og hjalp til å få bebuarar ut til dansen, og blei med på festlighetene.

24 august, Åpning av Vindafjordhallen

Det var søndag middag på Vindafjordhallen som en del åpnings veka, bygdekjennene ilag med andre lag hadde leikar ute på fotballbanen. Kasting av erteposer, sekkeløp osv.

24 September, Bedrifts besøk på Stevi

Årets bedriftbesøk var et besøk hos Stevi planteskule i Øvre Vats. Det var en kjempe spennende og fasinerende kveld. Me ønsker oss et foredrag med dei igjen.

2 Oktober, Rosa sløyfeløp i Haugesund

Jenny og Unni engasjerte seg i å starte en ny tradisjon(?) med å delta i Rosa sløyfeløpet i Haugesund.